



Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1101 - 14/3167

Saksbehandlar:

Reidun Iden Lædre

reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:

03.03.2014

Søknad om dispensasjon - ombygging og utviding av naust på Skurtveit - gbnr 48/32.

Saka gjeld:

Det er i søknad stempla motteke 16.01.2014 frå eigar av gnr 48, bnr. 32, Gunnar Skurteit, søkt om dispensasjon, for ombygging og utviding av naust på Skurtveit.

Plangrunnlaget:

Eigedomen ligg i eit område som i kommuneplanenens arealdel som LNF-område og innanfor 100-metersbeltet.

Søknad om dispensasjon :

Det er i skriv dagett 15.01.2014 søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i 100-metersbeltet mot sjø, for ombygging og utviding av naustet. Sjå vedlegg.

Nabovarsel:

Søknaden er nabovarsla 27.12.2013. Det ligg ikkje føre merknader.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det er søkt om dispensasjon frå. I § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det mellom anna: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

Dispensasjonar kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine føremål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

I § 1-8 heiter det mellom anna: « I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særleg hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Andre tiltak etter § 1-6 første ledd enn fasadeendringar kan ikkje setjast i verk nærare sjøen enn 100 meter frå strandlinjen målt i horisontalplanet av alminnelig høyvann ... forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikkje annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan...»

Førebels vurdering:

Tiltaket er tilstrekkelig gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Søknaden gjeld ombygging og utviding av eksisterande naust. Naustet ligg i eit område der det frå før ligg eit naust til.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga og Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Meland kommune ber om Dykkar uttale innanfor gjeldande fristar.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg.

Mottakere:

Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland Kommunal og samfunnsplanavdelinga	Postboks 7910	5020	BERGEN